

HARAM KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL**

Det blir kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Måndag 23.09.2019 kl. 14.00 på Haram rådhus, Brattvåg.**

**SAKLISTE:**

- Sak 11/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 30.04.2019.
- Sak 12/19 - Revisors vurdering av uavhengigheit.
- Sak 13/19 - Revisjonsrapport 2018 – Haram kommune.
- Sak 14/19 - Tilråding på val av revisjonsordning og revisor for nye Ålesund kommune etter 1. januar 2020.
- Sak 15/19 - Diverse orienteringar frå rådmann.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 / 926 11735 til dagleg leiar eller til e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign.)

## **Sak 11/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 30.04.2019**

Kontrollutvalet i Haram kommune

### MØTEBOK

Møtedato: 30.04.2019, kl. 10.00 – 11.10

Møtestad: Rådhuset, Brattvåg

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik.

Elles til stades: Eivind Davik og Grete Berbu.

Meldt forfall: John Alvestad og Åge Vikestrand

Varamedlemene Anita Kjerstad og Karl Jan Fjørtoft var innkalla, men hadde forfall.

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte juridisk rådgjevar Kjetil Kvammen.

Frå revisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård.

Vidare møtte ordførar Vebjørn Krogsæter.

Frå administrasjonen møtte rådmann Turid Hanken og økonomisjef Levi Lervik.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

## **Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 18.02.2019**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 18. februar 2019 blir godkjent.

## **Sak 06/19 - Årsmelding 2018 Haram kommune.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 23. april 2019.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Haram kommune til orientering.

### **Sak 07/19 - Årsrekneskap 2018 Haram kommune.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 23. april 2019.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

##### **Haram kontrollutval sin uttale til kommunestyret :**

Haram kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjend.

### **Sak 08/19 - Årsrekneskap 2018 Ingebrikt Davik Huset KF.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 23. april 2019.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

##### **Haram kontrollutval sin uttale til kommunestyret:**

Ingebrikt Davik Huset KF sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

### **Sak 09/19 - Sekretariat for kontrollutvala frå 2020.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 23. april 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til innstilling:

**Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt likelydande**

##### **vedtak:**

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).
2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.

## **Sak 10/19 – Eventuelt**

Administrasjonen orienterte om medarbeidarundersøking i barnehagane.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet bed om å få ei orientering om medarbeidarundersøkinga i 2018 i barnehagane.

Møtet var slutt kl. 11.10

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign.)

Eivind Davik  
nestleiar  
(sign.)

Grete Berbu  
medlem  
(sign.)

## Sak 12/19 -Revisors vurdering av uavhengighet.

**Vedlegg:** Brev frå Kommunerevisjon 3 IKS datert 18. juni 2019

### **Bakgrunn:**

Oppdragsansvarleg revisor og revisor sine medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som går ut over ei uavhengig eller objektiv gjennomføring av revisjonen. Dette inneber mellom anna at dei ikkje kan:

- Ha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hjå kommunen eller verksemd som kommunen har økonomiske interesser i.
- Delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

I vurderinga av om revisor er uavhengig, er det også relevant om revisor sine nærstående eller revisor sine medarbeidarar har tilknytning til kommunen.

Det er vidare lagt avgrensingar på kva andre tenester revisor kan levere til kommunen. Dette gjeld:

- Rådgjevingstenester dersom desse er eigna til å reise tvil om revisor er uavhengig.
- Tenester som har med leiing og kontroll i kommunen å gjere.
- Å opptre som fullmektig for kommunen.

Dei som utfører revisjon for kommunen skal sjølve vurdere fortløpande om dei er uavhengige. Oppdragsansvarleg revisor skal årleg levere ei skriftleg eigenvurdering av sitt sjølvstende (uavhengigvurdering) til kontrollutvalet. Denne ligg som vedlegg.

Oppdragsansvarleg revisor kan vurdere å endre fordelinga av oppgåvene til dei enkelte medarbeidarane over tid, slik at ein enkelt revisor ikkje blir sitjande med dei same oppgåvene over ein for lang periode.

### **Innstilling til vedtak:**

Kontrollutvalet i Haram kommune tek revisors vurdering av uavhengighet til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## Til kontrollutvalget

### i Haram kommune

#### Vurdering av uavhengighet

##### Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

##### Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

##### Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

<p>Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit</p>	<p><i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i></p>
<p>Pkt. 4: Nærstående</p>	<p><i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Haram kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i></p>
<p>Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Haram kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
<p>Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Haram kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i></p>
<p>Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Haram kommune.</i></p>
<p>Pkt. 8: Andre særegne forhold</p>	<p><i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i></p>

Ålesund, 18. juni 2019

*Anne Nygård*  
Anne Nygård

Oppdragsansvarlig revisor Haram kommune



**Vedlegg:** Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Haram kommune, datert 9. august 2019.

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapan, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

**Innstilling til vedtak:**

Haram kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS



Mottakarar:  
Haram kontrollutval  
Rådmannen i Haram kommune

Vår saksbehandlar:

Vår dato:  
9. august 2019  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

## Rekneskapsrevisjon 2018 – Haram kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapan for rekneskapsåret 2018 for Haram kommune.

Vår oppgåve er i første rekke å gi ein uttale om årsrekneskapet, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapan, gi en uttale om disponeringar i forhold til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapan er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette notatet vil vi gi nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i forhold til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommuner mv.

## Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Haram kommune

### Testing av rutinane for handtering av meirverdiavgiftsreglane

På søknad om kompensasjon for inngåande meirverdiavgift er det krav om revisorattestasjon. Kontroll av bokført mva-kompensasjon vert gjennomført for kvar termin. Første termin vert kontrollert med omsyn til forelda krav innan fristen, og kodebruk vert kontrollert saman med andre termin. I kontrollen har vi fokus på følgjande forhold:

- Koding med feil mva-sats. Dette gjeld spesielt tenester med lav sats der kommunen koder og bokfører med høg sats
- Fakturaer som ikkje har meirverdiavgift, som til døme bøker, kurs og grunnerverv, der kommunen har bokført med mva-komp
- Utgifter til servering, personbil og utleigebustader der kommunen ikkje har rett til kompensasjon
- Feil mellom koder for ordinær mva for sjølvkostområda vann og avløp og mva-kompensasjon for anna kommunal drift
- Feil koding når det er fakturaer med fleire satsar mva

Dei feila som vert avdekka vert rapportert til økonomisjef, som korrigerer.

Postadresse:  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

Besøksadresse:  
Lerstadveien 545, 4 etg.  
Epost:  
komrev3@komrev3.no

Telefon:  
70 17 21 50  
Føretaksregisteret:  
NO 971 562 587

For ordinær inngående og utgåande meirverdiavgift skal revisor ikkje attestere på den terminvise mva-meldinga kommunen sender inn. Kommunen si handtering av inngående mva med rett til frådrag blir kontrollert i samband med kontrollane knytt til mva-kompensasjon. For kommunen si handtering av utgåande meirverdiavgift er det gjennomført rullerande kontroll.

Kommunen skal krevje inn meirverdiavgift på sal av nokre varer og tenester. Dette gjeld i hovudsak kommunale gebyr, som til dømes vass- og avløpsgebyr, som utgjer om lag 90 % av det avgiftspliktige salet. I tillegg blir sal av tenester frå landbrukskontoret til andre kommunar, noko husleige og nokre andre, mindre inntekter fakturert med meirverdiavgift. Våre kontrollar viser at sal av varer og tenester som er avgiftspliktig er fakturert med korrekt mva-sats, og at tenester som er unnateke avgiftsplikt ikkje er fakturert med mva.

### Investeringar: Prosjektstyring, budsjettering, planlegging, gjennomføring og avslutning

Rådmannen orienterte i kontrollutvalsmøte 19.11.2018: Det er ingen skrivne prosedyrar for investeringsprosjekt. På større prosjekter er det politiske føringar i forprosjektet. Når stad og omfang er bestemt blir arbeidet styrt av administrasjonen. Det vert laga ein tidsplan med budsjett og milepelsplan. Dei bruker i stor grad totalentreprise med byggherreombod som passar på at leveransen blir i tråd med kontraktane. Kommunen får garantiar frå entreprenørane, der garantien skal gjelde til etter 1-års kontroll og etter 3-års kontroll.

For mindre prosjekt vert det ikkje leigd inn konsulentar for å styre prosessen. Rådmannen delegerer mynde til einingsleiar, som igjen kan gi ein prosjektleiar ansvar for å gjennomføre prosjektet. Det er alltid einingsleiar som har det økonomiske ansvaret for prosjektet. Før teknisk avdeling legg fram forslag til investeringsbudsjett er det utarbeidd ei kalkyle. Kalkyla er basert på erfaringstal. Kalkyla kan verte endra etter at det er kome inn tilbod.

Investeringar i IT-prosjekt i skulen har vore politisk initiert, der det er lagt inn ein rund sum i budsjettet. Ut frå budsjettet er det laga ein plan for å investere i iPad og PC til skulane, og å få auka IT-kompetanse for lærarane. Ein del av investeringane har vore gjort med tanke på First Lego League og at Haram er ein industrikommune.

Framdrift og avvik i prosjektet vert ikkje rapportert til politiske organ (i tertialrapporten). I årsmeldinga er det etter vår vurdering lite rapportering på prosjektgjennomføring. I 2018 er gangvegen i Eidsvik-/Tennfjordområdet tatt med, og det går fram at prosjektet var levert ferdig innafor tidsfrist og innafor utgiftsramme. For investeringane i skulane vert det rapportert i tilstandsrapporten for skulane.

Ut frå dei intervjuva vi har gjort, og tilbakemeldingar frå einingsleiarar, meiner vi at prosjektstyringa er bra.

For Haram kommune, på lik line med andre kommunar i distriktet, er det vesentlege avvik mellom budsjetterte investeringsutgifter og bokførte investeringsutgifter. I 2018 var det budsjettert 91,7 millionar kroner og brukt 48,5 millionar.

Kommunestyret vedtok økonomireglement den 6. desember 2018. Kapitel 9 er Reglement for investeringsprosjekt. Eftersom reglementet vart vedteke seint på året har vi ikkje teste om einingane har etterlevd reglementet.

### *Avslutning av byggeregnskapet for Eidet omsorgssenter:*

Byggeregnskap for Eidet vart lagt fram for kommunestyret 1. november 2018 i sak 063/18. I saka er det skrive at investeringskostnaden vart kr 223.195.763,- med dokumentasjon frå rekneskaper for kr 220.445.763. Det er i tillegg ført opp utgifter på kr 2.750.000 utan at det er dokumentert kva utgifter dette gjeld.

Vi meiner at byggjerekneskap som vert lagt fram til kommunestyret bør byggje på det som er registrert i kommunen sitt økonomisystem og ikkje eit skuggeregnskap som saksbehandlar har. Opplysningane om finansiering av prosjektet har nokre avvik i forhold til det som er bokført i kommunen sitt rekneskap både for tilskot og meirverdiavgiftskompensasjon.

Tilskot på om lag 100 millionar frå Husbanken vart utbetalt i oktober 2018. Bygget var ferdig overtatt av kommunen i februar 2017. Vi meiner at det kunne vore mogleg å få tilskotet utbetalt på eit tidlegare tidspunkt. Renteutgifter/tapte renteinntekter for 100 millionar vert med 2 % rente om lag 2 millionar kroner per år (kr 170.000 per måned). Forseinking i rapporteringa til Husbanken ser med andre ord ut til å ha påført kommunen utgifter.

#### *Budsjettering:*

Budsjettskjema 2A og 2B (investering) for 2018 var ikkje i samsvar med forskrifta i forhold til teknisk oppsett. Dette er tatt opp med rådmannen, og skjema for 2019 er endra slik at dei stetter krava.

#### Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

##### *Pasientmidlar*

Vi har fått tilsendt:

- Rutine for oppbevaring og bruk av private midlar til brukarar i omsorgseininga (rutinar for heimetenesta)
- Prosedyre for disponering av kontantytningar frå folketrygda under opphald på institusjon
- Skjema for pasientrekneskap for bebruarar i institusjon og omsorgsbustad med døgnbemanning

Rutinane hos heimebuande vert ikkje testa av oss. Pårørande eller verje kan kontrollere pengebruken for desse brukarane.

Rutinane for handsaming av pasientmidlar på institusjon seier at det vert utarbeidd pasientrekneskap for dei bebruarane der tilsette har fullmakt til kontantytningar. Pasientrekneskapen skal reviderast av kommunerevisjonen. Vi har dei siste åra ikkje revidert pasientrekneskap fordi det ikkje har vore aktuelt. Kommunen har jobba med å få verje eller pårørande til å disponere kontoane for dei som ikkje har samtykkekompetanse.

Vår vurdering er at dei rutinane som er etablert er med på å førebyggje misleg framferd.

##### *Byggjesaksbehandling*

Haram kommune har ikkje skriftlege rutinar for areal, plan og byggesaksbehandling. Det vert ikkje sett av ressursar til å lage skriftlege rutinar på grunn av etableringa av nye Ålesund.

Det er eininga for BLA – Byggesak, Landbruk og Arealforvaltning som handsamar byggesaker. Eininga har ei blanding av fagområde som sit samla og kan diskutere og konkludere i fellesskap. Einingsleiar meiner det har ei bemanning, fagsamansetting og gjennomslutning som førebygg problemet med misleg framferd.

#### Årsrekneskap og årsberetning: Tidsfristar og dokumentasjon av balansen

Årsrekneskap og rådmannen si årsberetning vart levert i rett tid i år. I rådmannen si årsberetning er det tatt med lovpålagde opplysningar. Kommunens årsmelding vart lagt fram på eit seinare tidspunkt.

Dokumentasjon av balansen ligg ikkje føre samla, men dei einskilde balansepostane er dokumentert gjennom kommunen sine eigne avstemmingar, ekstern dokumentasjon og andre bilag i rekneskapen. Dokumentasjon vert lagt fram for revisjonen på førespurnad.

For dokumentasjon av anleggsmidler som faste egedommar og anlegg, utstyr, maskiner og transportmidlar har kommunen eit manuelt system som har vore i bruk over mange år. Eit anleggsregister integrert i økonomisystemet kunne gitt sikrere dokumentasjon. Kommunen har ikkje prioritert å innføre eit integrert system på grunn av kommunesamanslåinga.

#### Rullerende kontroll av vederlagsberekning for opphald i institusjon – oppfølging revisjonsstrategi 2017

Vi har på nytt forsøkt å gjennomføre kontroll av etterberekning av vederlag for brukarar som bur på institusjon. Etter at likningsoppgåve er ferdig, skal det gjennomførast ei etterberekning for det året som likninga gjeld for. Vi starta på kontroll av etterberekning for inntektsåret 2016 hausten 2017 og tidleg vår 2018, men da var ikkje etterberekninga gjennomført på grunn av sjukefråvær. Vi har forsøkt å slutføre vår kontroll, men vi har ikkje motteke dei opplysningane som vi treng. Det er opplyst at kommunen må prioritere å få på plass ordinære trekk på brukarane før dei kan ta etterberekning.

For sein etterberekning gir ikkje vesentlege avvik på kommunen sine inntekter, men det er viktig for den enkelte bebuar at han vert belasta med korrekt vederlag.

#### Andre forhold

##### *Ingebrigt Davik Huset KF*

Vi har kartlagt rutineane for handtering av kontantar og salsinntekter. Vi meiner at rutineane er tilfredsstillande for å sikre at alle inntekter vert bokført, og for å hindre misleg framferd.

Med helsing

Anne Nygård

Anne Nygård  
oppdragsansvarlig revisor

Solrun A. Tusvik

Solrun Aannø Tusvik  
revisor



## **Sak 14/19 - Tiltråding på val av revisjonsordning og revisor for nye Ålesund kommune etter 1. januar 2020.**

### **Bakgrunn:**

Sommaren 2018 vart det oppretta kontakt mellom Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS (Komrev3 IKS) og Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRREV IKS) for å diskutere moglegheit for samanslåing. Det vart nedsett eit forhandlingsutval som utarbeidde rapporten «Nye Møre og Romsdal Revisjon».

Representantskapa i dei to selskapa slutta seg til konklusjonar og innstilling i vedlagde rapport.

Med heimel i kommunelova § 78 nr. 3 og 4, er kontrollutvalet tillagt innstillingsretten i spørsmål om val av revisjonsordning og revisor.

Inndelingslova § 26 Fellesnemnd 5. ledd seier følgjande:

*Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.*

Det går fram av fellesnemnda for nye Ålesund kommune sitt mandat at denne har delegert mynde til å velje revisjonsordning og revisor for nye Ålesund kommune. Fellesnemnda må då fatte vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i kommunane Sandøy, Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund.

Stifting av selskapet og godkjenning av vedtekter, jf. anbefaling frå representantskapet, ligg til rådmannen å førebu og legge fram for formannskapet med innstilling til kommunestyret. Selskapet blei formelt stifta fredag 23. august 2019 i Kristiansund.

### **VURDERING**

Dette saksframlegget vil innehalde vurderingar knytt til val av revisjonsordning og val av revisor.

#### **Val av revisjonsordning**

Når ein kommune har gjennomført val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette, utan at det blir teke initiativ til det. Sjølv om det ikkje er teke noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning no, så vurderer sekretariatet at det er naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret får ei oversikt over dei ulike alternativa som er å velje i.

#### **1. Revisjon i eigenregi - tilsetje eigen revisor**

Dette er ikkje eit reelt alternativ. Revisor vil ikkje ha eit fagmiljø, og kompetansen som kommunen vil få tilført ville vere avgrensa til ein eller to personar. Kostnadane vil derfor bli høge, og ein vil vere svært sårbar ved sjukdom og avgang i stillinga. Det er nokre få store kommunar og fylkeskommunar som har denne løysinga, f.eks.; Oslo kommune og Trondheim kommune.

#### **2. Revisjon i eigenregi - delta i interkommunalt samarbeid**

Kommunane i Møre og Romsdal har sidan 1993 delteke i interkommunale revisjonsordningar. Midsund kommune deltek i Komrev3 i IKS saman med 11 andre kommunar.

Representantskapa i MRREV IKS og KomRev 3 IKS har vedteke å slå seg saman, og innstille på at Møre og Romsdal Revisjon SA blir stifta. Eigarane i føretaket vil då frå 1.1.2020 vere Møre og Romsdal fylkeskommune, 6 kommunar på Nordre Sunnmøre og 15 kommunar i Romsdal og på Nordmøre, til saman 22 moglege eigarar.

Dersom kommunen vel å halde fram med revisjon i eigenregi, så er det Møre og Romsdal Revisjon SA som må veljast som revisor. Ein har ikkje nokon alternativ revisor å velje dersom ein går for revisjon i eigenregi, då verken Komrev3 IKS eller MRREV IKS ikkje lenger vil eksistere som noko alternativ.

Revisjon i eigenregi – interkommunalt samarbeid – føreset at ein har nok deltakarar til at ein kan ha ei løysing som er robust nok når det gjeld kapasitet og kompetanse. Ordninga må også kunne vere konkurransedyktig i høve til pris. Møre og Romsdal Revisjon SA vil ha revisjon etter medgått tid.

### **3. Konkurransetsetting av revisjonstenestene**

Det er ingen kommunar i Møre og Romsdal som har konkurransetsett revisjonstenestene.

Innkjøp av revisjonstenester fell inn under reglar om offentleg innkjøp, og reglar som følgjer av EØS-avtalen. Reglane set krav til kva for prosedyre ein må følgje, avhengig av kor stor kontrakt det er snakk om. Etter nasjonale reglar så må ein lyse ut anbodskonkurranse når verdien på kontrakten er meir enn 1,3 mill. kroner. Når verdien på kontrakten overstig 2 mill. kroner, så krev EØS-avtalen at anbudet må kunngjerast i heile EØS-området, noko som vil vere tilfelle for denne kontrakten. Når ein skal rekne ut kor stor kontrakten er i høve til desse reglane, så må ein sjå på alle åra kontrakten gjeld under eitt.

Reglane for offentleg innkjøp er omfattande. Ein må også ut med ny anbodskonkurranse jamleg, ca. kvart 4. år. Det kan vere ei utfordring å utforme eit anbud som gir dei revisjonstenestene ein ønsker. Korleis vektar ein til dømes pris i høve til kvalitet?

Fordelen med privat revisjon kan vere at prisen truleg kan vere noko lågare på spesielt rekneskapsrevisjon, fordi det er fleire tilbydarar i marknaden som yt slike tenester. Ein annan fordel kan vere at ein kan setje spesifikke krav til kva kompetanse ein ønsker; som er særleg aktuelt ved forvaltningsrevisjon. Ulempene kan vere mindre kunnskap om kommunal revisjon og lokale forhold.

Det vil også koste noko å gjennomføre anbodskonkurranse.

### **3. Delt løysing**

Det er også mogleg å velje ei revisjonsordning der ein har revisjon i eigenregi når det gjeld forvaltningsrevisjon, og privat revisjon når det gjeld rekneskapsrevisjon, eller omvendt.

### **Val av revisor**

Haram kommune har dei siste åra fått revisjonstenester frå Komrev3 IKS.

Det er kontrollutvalet sitt ansvar å sørge for at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet får framlagt revisjonen sine planar, og det blir rapportert undervegs i revisjonsarbeidet om løpande revisjon. Kontrollutvalet vurderer også kvaliteten på dei rapportar og undersøkingar som revisjonen gjennomfører på oppdrag frå kontrollutvalet.

Det er å merke seg at kontrollutvalssekretariatet og kontrollutvalet si vurdering av revisjonskvalitet i stor grad er avgrensa til ei vurdering av formelle kvalifikasjonar, revisor si rapportering og i mindre grad sjølve revisjonsutføringa.

Møre og Romsdal Revisjon SA vil fakturere for revisjon etter medgått tid, det er difor for tidleg å anslå kva revisjonskostnadane faktisk vil bli. Det er likevel kommunisert at dersom administrasjonen er god til å dokumentere rekneskapen og internkontrollprosessen, så vil revisjonen trenge mindre tid til å gjennomgå årsrekneskapen. Dette vil føre til lågare revisjonskostnader.

Bakgrunnen for val av samvirkemodell er drøfta nærare i kapittel 5 i rapporten.

Deltakarar: Det blir lagt opp til at Møre og Romsdal fylkeskommune og 21 kommunar vil ha revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA frå 1.1.2020.

Kompetanse: Det blir i rapporten frå arbeidsgruppa peika på generelle årsaker til utviklinga med større revisjonseiningar; sterkare fagmiljø med større moglegheit til fagleg spesialisering, redusert sårbarheit, økonomiske stordriftsfordelar i forhold til administrasjon, større fleksibilitet ved kommunesamanslåingar og attraktivitet som arbeidsgjevar.

Ser ein på landsplan, så har mange av dei kommunale revisjonsselskapa dei siste åra blitt slått saman til større revisjonsselskap.

Det går fram av rapporten som arbeidsgruppa har utarbeidd at det har vore ein grundig diskusjon om organisasjonsform. Representantskapa har vedteke å stifte selskapet som eit samvirkeføretak. Dette er ei organisasjonsform som kommunane er lite kjent med. Revisjon Midt-Norge SA har frå 1.1.2018 levert revisjonstenester til dei fleste trøndelagskommunane, og prosessen ved stiftinga vart då kvalitetssikra av KS Bedrift. Det er denne etableringa som i stor grad er blitt brukt som mal for etableringa av Møre og Romsdal Revisjon SA.

Det blir framheva i rapporten at føretaksforma er kjenneteikna ved at medlemskap er fleksibelt. Det er slik at medlemmer i føretaket kan melde seg inn og ut, utan at det må behandlast ny selskapsavtale i alle kommunestyra. Reglane om behandling i eigarorgan er tilsvarande som for AS, med mindre krav til deltaking på møte i eigarorgan enn IKS-modellen for å kunne gjere vedtak. Men i fleksibiliteten ligg også ein risiko i at føretaket kan bli redusert, ved at medlemmene enkelt kan seie opp avtalen. På den andre sida er det også enklare for andre kommunar å tre inn som nye medlemmer.

I dag er det kommunestyret som utnemner personar til representantskapet, med personlege varamedlemmer. Det er også kommunestyret som godkjenner selskapsdokument og endringar av desse. I samvirkeføretaket vil det også vere kommunestyret som utnemner medlemmer til årsmøtet, men der kan medlemmer møte i eigarorganet med fullmakter. Det meste av føretaksstyringa skal i utgangspunktet skje i styret og ikkje i det øvste eigarorganet i føretaket,



som er årsmøtet. For å bøte på dette er det i vedtektene lagt inn at årsmøtet skal ha 3 oppgaver som etter samvirkeleva skulle ligge til styret:

- vedta budsjett for komande år etter forslag frå styret
- vedta økonomiplan for dei 4 neste åra etter forslag frå styret
- vedta overordna mål og retningsliner for drifta.

Det blir også peika på at det er enklare å samle og gjennomføre møte i eigarorganet, der ein kan møte med fullmakter, og det ikkje er så strenge krav til tal på medlemmer for å gjennomføre vedtak som i eit IKS.

Ein annan forskjell er at eigarane i IKS har økonomisk ansvar i samsvar med prosent- eller brøkdel av eigarskap. Interkommunale selskap kan ikkje gå konkurs. Medlemmene i eit samvirkeføretak pliktar eventuelt å betale inn innskotsbeløp i føretaket, og er ansvarlege kun for dette beløpet. Føretaket kan gå konkurs. Dette kan innebere ein noko større risiko for dei tilsette. Dei tilsette i dagens to selskap som ønsker samanslåing stiller seg positive til samanslåinga av dei to revisjonsselskapa.

## **Anbefalingar**

Det er fordelar og ulemper både med revisjon i eigenregi og konkurranseutsett revisjon. Ved vurdering av revisjonsordning så er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurranseutsetting eller ikkje er medverkande. Nokre har ei grunnhaldning om at konkurranseutsetting er bra, men andre meiner at ei kommunal løysing er den beste. Sekretariatet finn det ikkje naturleg å drøfte denne tilnærminga, sidan slike signal ikkje har kome fram så langt i prosessen.

Interkommunalt samarbeid er den revisjonsløyisinga kommunane i Noreg har mest erfaring med. Det er forventa at kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar i eit større selskap. Det er også forventningar til at det nye selskapet i større grad må klare å utnytte fordelen med å ha rekneskapsrevisorar og forvaltningsrevisorar i eitt selskap.

Som utgreiinga dagens revisjonsselskap har fått gjennomført viser, så gir denne føretaksforma ei meir fleksibel ordning dersom kommunen ved neste korsveg ønsker å velje konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Då kan kommunen enkelt seie opp avtalen, utan at alle deltakarkommunane må behandle saka på nytt.

I høve til kommunelova § 78, pkt. 3 og 4, skal kommunestyret sitt vedtak om val av revisjonsordning og val av revisor treffast etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet anbefalar kontrollutvalet å be fellesnemnda om å godkjenne at nye Ålesund kommune vel revisjon i eigenregi, og at Møre og Romsdal Revisjon SA blir vald som kommunen sin revisor.

## **Sekretariatet si innstilling til vedtak:**

Haram kontrollutval innstiller til Fellesnemnda i nye Ålesund kommune om å gjere følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for nye Ålesund kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for nye Ålesund kommune.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 15/19 -Diverse orienteringar frå rådmann.**

**Bakgrunn: frå møteboka 30. april 2019.**

### **Sak 10/19 – Eventuelt**

Administrasjonen orienterte om medarbeidarundersøking i barnehagane.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet bed om å få ei orientering om medarbeidarundersøkinga i 2018 i barnehagane.

---

Kontrollutvalet i Haram ynskjer også ei oppdatering frå rådmann på saka om badeland frå førre kommunestyremøte torsdag 29. august. Dette gjeld særskilt i høve til vedtaket om forprosjekt til bygging av badeanlegg til 162,5 millionar kroner og mogleg lovlegheitskontroll av vedtaket.

---

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram og som no er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagt fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS